

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2020 52. årg.



**NB! Påmelding til alle gudstenestene på julaftan  
Ei av gudstenestene er streama (sjå baksida)**

**Julehelsing frå kyrkjelydane i Time - s. 16**



Speidarane på Bryne

side 4



Ny prost

side 8



Varden

side 12



Leiar i bispedømerådet side 12

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne  
 Inngang frå Saronsbrotet  
 heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>  
 e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)  
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340  
 Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222  
 Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919  
 Barne- og ungdomsdiakon  
 Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg tlf. 51 77 03 77  
 Assisterande kyrkjevevjerje: Siri Vik tlf. 906 43 758  
 Kyrkjevevjerje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582  
 Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

### Time

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874  
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
 Trusoppplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872  
 Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102  
 Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545  
 Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276  
 Klokkar: Øivind Njølstad Egeland  
 Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf. 958 35 364  
 Kyrkjetenar ved gravferd: Marko Sundt tlf. 951 17 574  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>  
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
 Trusoppplærar Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Administrasjonleiar:  
 Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77  
 Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar  
 Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880  
 Trusoppplærar vikar Eline Fosse tlf. 454 83 455  
 Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793  
 Kyrkjetenar helg: Arne Espevik  
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>  
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20  
 Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518  
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346  
 Ungdomsarbeidar Eline Fosse tlf. 454 83 455  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157  
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Besøk vår nettside:

**[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: [time.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:time.soknerad@time-kyrkja.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@time-kyrkja.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:undheim.soknerad@time-kyrkja.no)

# Julehelsing

## - frå biskopen



**Biskob Anne Lise Ådnøy**

«Eit barn er fødd i Betlehem», tenk over kva staden og situasjonen betyr for evangeliet om Jesus. Astrid Lindgren har skrive ei vakker barnebok der Harald Wiberg har måla Jesu fødsel inn i svensk vinterlandskap. Sauene og kyrne i stallen er med på å gje varme til den heilage familien.

På liknande måte har kunstnarar opp gjennom tidene fargelagt bibelforteljinga ut frå si tid og sitt miljø.

Kva betyr det for trua vår på Jesus at vi bur i Rogaland? Korleis blir vår oppleving av Jesus farga av at vi har levd i eit år med pandemi? Ser vi tydelegare enn før at vi treng Guds hjelp?

Det at Gud vart menneske betyr at trua på Guds son må bli farga av dei vi er, til ei kvar tid. I misjonsarbeid vert dette kalla kontekstualisering. Konteksten påverkar førestillingane våre, også det vi trur på.

Gud tar sjansen på å komma oss så nær at vi blir ein del av forteljinga. Vi blir «Guds barn» gjennom ord og sakrament. Når forteljinga om Jesu fødsel rører og skaper tru kan vi møta dagane og utfordringane vi står i meir tillitsfullt, med større mot. Neste gong du syng om Betlehem kan du sjå for deg den nyfødde Frelsaren akkurat der du bur, saman med deg og folka dine. Gledelig jul, midt i alt!

«Vi har lært å kjenna den kjærleiken Gud har til oss, og vi har trudd på den.» (1. Joh 4,16)



Foto: Oddny Underhaug

**Framsida. Gamal julekrybbe - Foto: Oddny Underhaug**

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 1. februar 2021.

Neste nr. kjem ut ca. 4. mars 2021.

# Min julesalme

## Folkefrelsar, til oss kom

1.  
Folkefrelsar, til oss kom,  
fødd av møy i armodsdóm!  
Heile verdi undrast på  
kvi du soleís koma må.
2.  
Herrens under her me ser,  
ved Guds Ande dette skjer.  
Livsens ord frå himmerik  
vert i kjøt og blod oss lik.
3.  
Utan synd han boren er  
Som all synd for verdi ber.  
Han er både Gud og mann,  
alle folk han frelsa kann.
4.  
Frå Gud Fader kom han her,  
heim til Gud hans vegar ber,  
Ned han fór til helheims land,  
opp fór til Guds høgre hand.
5.  
Du som er Gud Fader lik,  
Ver i vanmakt sigerrik!  
Med din guddomsvelde kom,  
styrk oss i vår armodsdóm.
6.  
Klårt di krubbe skina kann,  
ljøset nytt i natti rann,  
naud og natt til ende er,  
trui alltid ljøset ser.
7.  
Lov og takk, du Herre kjær,  
som til verdi komen er!  
Fader god og Ande blid,  
lov og takk til evig tid!

Tekst: Ambrosius før 397  
Omsett: Bernt Støylen 1905  
Melodi: Einsiedeln omkr. 1120 / Erfurt 1524

"... Eg vert fylt med respekt og glede når me syng salmar som er mange hundre år gamle. Tenk, for ein samanheng me er ein del av!"



Guri Bergsaker Stokkeland

Eg skulle få velja ein julesalme.

Julesalmane, og -songane, dei er ein skatt vi eig saman. Dei fleste av oss kan dei, og har eit forhold til dei. Det slår meg, kor verdfullt eit slikt sameige er, og kor viktig det er at nye generasjonar får del i den same arven.

Det er ikkje lett å velja ut ein salme. Eg kom ikkje lenger enn til nr. 2 i Salmeboka, «Folkefrelsar til oss kom». Han står under bolken «Adventstida» i Salmeboka. Salmen er skriven av biskop Ambrosius før år 397. Tonen, som er frå ca 1120, verkar enkel, og lett å syngja med på.

Eg vert fylt med respekt og glede når me syng salmar som er mange hundre år gamle. Tenk, for ein samanheng me er ein del av! Opp gjennom hundreåra har folk funne uttrykk for kjensler, meining og sanning gjennom dei same tekstane. «Folkefrelsar til oss kom» er over 1600 år gammal. Kva gjer salmen så slitesterk?

Forfattaren var biskop i Milano. På den tida var det strid i kyrkja. Det var usemje om kven Jesus er. Teksten i salmen er innhaldsmetta, som ei truedkjening, den andre trusartikkelen, på vers. Teksten er derfor like aktuell i dag, som i oldtida.

Menneska sine ytre levekår har endra seg enormt mykje gjennom tidene, men det å vera menneske er likevel det same. Det er framleis viktig og godt for oss å få hjelp til å setja ord på kven me sjølve er, og kven han er, som me trur på: Folkefrelsar til oss kom...

## Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.  
Amen

# SPEIDAREN I BRYNE NÅR NYE HØGDER

**Speiding i vinden. Speidararbeidet i Bryne kyrkje er no så populært at ein må stå på venteliste før ein slepp inn!**

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

FOTO:PRIVAT

## Oppdagarane lærer om refleks

23 stk - gutar, jenter, mor/far, morfar og 4 leiarar treffest utanfor Jærbarnehagen.

- Flokk, flokk! Lyder ropet, og roa senkar seg.

Det er opprop og tydelege svar, og så er gjengen klar for speidarmøte i Ungdomsskogen. Me får varm velkomst. Bålet er tent ved gapahuken.

I dag er det refleks som gjeld for oppdagarane.



**"I den mørke kveld, lyser bålets glør" oppdagarar rundt bålet: Snorre Opstad, Helle Sandanger, Miriam Elisabeth Sørskår, Lia Sofie Nessa, Markus Sie Nielsen, Eirik Ege. Speidarleiar Sven Hareland står bak.**

- Kva er lurt med refleks? spør leiar Lennart  
- Eg blir sett, svarer fleire. Lennart viser ulike typar refleks: refleksbrikke - kanskje mest vanleg - heng og dinglar i kleda våre. Og ikkje minst - den blir laga på Håland nær Bryne!

-Inni brikka er det små prismet som reflekterer lyset i alle retningar. Bilføraren ser refleksen lenge før han ser deg, seier Lennart.

Andre typar refleks: Refleksband til koffertar o.l, refleksband - slap wrap - slike som rullar seg saman, refleksvest, strikkelue med innlagt refleks.



**Mandius Hareland er snart klar med spiddepinnen**

-Det viser seg at dinglebrikka er best, seier Lennart.  
-Me skal sjekka om det stemmer seinare i kveld, legg han til.  
Framover no må alle ha på refleksvest på speidaren og ha med hovudlykt.

## Viktig spikking

- Har alle med kniv? ropar Lennart  
-Ja! svarar ivrige oppdagarar. Nokre spør: - Far, kor e'sekken med kniven?

I dag er det innlagt ei overrasking - pølse på spidd. Alle må spikka seg spiddepinne.

Oppdagarane spreier seg rundt gapahuken for å finna eit godt emne. No er og far eller mor gode å ha! - Dersom vaksne treng hjelp, kan ungane hjelpa med spikkinga, seier Kjell Arild

Spiddepinnar blir produserte i stor fart og pølsene stukne inn i bålet.

- *Kvifor går de i speidaren?* Tok litt tid før nokon våga seg frampå, pølsa må jo passast.

- Fordi det er gildt, svara ei jente, og fleire var enige i det.  
-Kjekt å læra, sa ein annan.  
Ein lika godt spikkinga og bålrensing, og å læra om bål.  
-Kjekt å vera ute sjølv om det regnar, legg ein til.

God stemning rundt bålet - pølser, kakao og koseleg samtale. Fedrar og mødrer er med barna sine. Førsteklassingane må ha med ein vaksen. Fleire av foreldra som følgjer har ikkje vore speidar

## Speidaren i Bryne kyrkje

Stifta i 1989  
Del av barne- og ungdomsarbeidet  
Tilknytt Norges KFUK-KFUM-speidere - Rogaland krets  
Over 100 speidarar - av dei er 17 leiarar  
Tilbod til barn og ungdom frå 1.- 10. klasse:  
Oppdagarar: 1.- 2. klasse  
Stifinnarar: 3.- 4. klasse  
Vandrarar: 5.-10.klasse  
Klatregruppe - tilbod til alle



sjølve, men likar seg i naturen.

Her er stor vaksentettleik - ca ein til kvart barn. Alle blir sett og høyr!t!

Kjell Arild oppmoda om at alle lykter måtte skruast av og stemte så i: "I den mørke kveld" og oppdagarane gjentar etter han. Stemningsfullt.

Speidarrop lyder så gjennom den mørke Ungdomsskogen. Alle i nærleiken fekk igjen høyra eitt av speidaren sitt varemerke.

### Reflekssjekk i mørke

Ulike refleksstypar er hengt på ei snor i skogen, på kommando set speidarane på hovudlykta. Refleksane er veldig godt synlege. Så forsvinn Lennart, og no skal dei lysa og sjå om dei ser han - svartkledd som han er. Når han går utan refleks, ser dei ingenting, men med refleks ser dei det lyser før dei ser han. Dinglebrikka lyser best!

Opprydding, pakking og så står alle i ein ring rundt bålet. Speidarbønna vert sunge med klare stemmer.

Kjell Arild: - Speidere vær beredt! Oppdagarane: - Alltid beredt!

Leiarar saman med Kjell Arild Nielsen er Lennart Hove, Idar Sandanger og Sven Hareland.



**Kva slag sopp er nå dette? spør Lykke Amélie Tollaksen, Lerke Stakkestad og Tiril Ree Straumland**

### Stifinnarane på matauk i skogen

Stifinnarane har denne måndagen teke turen til Njåskogen for å leita etter sopp.

Ommund Norheim - speidarfar- er med som soppkuning. Han forklarar litt om sopp, og me lærer at soppar kan ha skiver, piggar, ribber eller røyr på undersida. Speidarane får beskjed om ikkje å ta i soppen før ein vaksen har godkjent den. Dei får med seg eit ark med bilete av soppar dei kan sjå etter: Piggsopp, steinsopp og trakt-

kantarell er etande. Alle kjenner flugesoppen - spanande og flott, men farleg. På arket står det eit stort kryss over raud flugesopp... berre sjå, men ikkje rør.

Ivrige speidarar spring mellom trea i skogen og ropar for å visa det dei har funne. Nokre er oppslukte av soppstakinga og set seg ned og studerer nøye det dei finn.

For ein stifinnar er turen og eit mål - mykje tøft i skogen - barhytte, sorpe, ja, eit nedblåse tre som rutsjebane er òg av interesse.



**Amalie Vold, Ola Norheim og Sine Torvund Tunheim nyt soppskiva**

### Utfordrande smaking

Ommund godkjenner soppane, og dei som skal steikjast, tar ein med seg. Rasteplass blir snart funnen, og nokre er snare med å kikka etter godsaker i sekken. Andre finn fram kokeapparat og steikepanne, og god sopplukt spreier seg. Spiralbrøds-kive med steikt sopp er ettertrakta av nokre. Dei fleste smakar litt, nokre smakar, tygg og spyttar ut. Nokre synest det er "dritgodt", mens maten i eigen boks er tryggast for andre.

Midt i måltidet spør eg kvifor dei går i speidaren.

Stifinnarane kjem raskt med svar:

- Eg likar å vera ute. - Eg likar å gå på tur. - Pappa er med, og så synest eg det er kjekt å vera ute. - Me har kjeke teltturar, kjem det frå ei jente.

- Og så får eg vera med vennane, mine, ropar ein gut. Fleire seier at dei er med fordi vennane inviterte dei.

- Eg lærer om naturen, naturlovene og førstehjelp, skyt ein annan inn.

- Sei ein ting som er bra med speidaren.

- Telttur, kjem det høgt og tydeleg frå ei jente.

- Me får gå på tur, vera ute, ha kjeke leikar, få nye vennar, ropar ivrige stifinnarar



# SPEIDAREN I BRYNE NÅR NYE HØGDER

## (framhald)

Stifinnarane et og kosar seg. Leiar Bjørnar finn fram l-pad og har andakt. Speidarbønna blir sunge av spede stemmer her ute i naturen.

Mens dei mest entusiastiske soppelskarane et opp resten av soppen, kjem hovudlyktene ut av sekkene. Mange lyskjegler sprer seg rundt i skogen, spanande og stemningsfullt. Ein Stifinnar finn stien sjølv om det er mørkt.

På veg mot parkeringsplassen gjallar speidarrop gjennom skogen Oggi, oggi, oggi,.....

Hei, hei, hei, Ole, Ole, Ole.... Brum, Brum, Brum.

Eit speidarmøte er over. Stifinnarane er på heimveg - ei naturoppleving rikare.

Leiarar for stifinnarane er: Bjørnar Tollaksen, Janne Idsø Nordbø, Jørgen Svanes-Hatleskog og Marie Ree Straumland.



**Per Bryne, Olve Tunheim Øgaard, Ragnar Bryne, Torje Ree Straumland(bak) og Seline Andrine Stensland - Har me fått med alt i sekken no?**

### Ein vandrar har sekk på ryggen

I dag har 23 vandrarar møtt opp utanfor Bryne kyrkje - vanlegvis er dei i Sandtangen.

Bålpanna vert raskt montert. Ikkje lenge etter er det fyr på bålet - slik det skal vera der speidarar samlast.

Kohortar gjeld i speidaren òg - inndeling etter klassetrinn. Eit raskt overblikk fortel at her er gutane i fleirtal. Leiar Katrine bekreftar det og

### Speiderbønnen

Kjære Far i høye himmel,  
hør mitt hjertes stille bønn:  
Hvor jeg er i verdens vrimmel,  
la meg ferdes som din sønn.  
La meg leve deg til ære,  
hedre Norge, far og mor.  
Andre folk til nytte være.  
Lyde Speiderlovens ord.



**Seline Andrine Stensland klar for bratt nedtur frå klokketårnet**

ønskjer nye speidarjenter varmt velkomne!

- Flokk, flokk! ropar Katrine for å få ro.
- Kven har vore på SPOND og lese om tema i dag? spør Katrine. Ikkje alle har gjort det, så Katrine oppmodar alle om å førebu seg heime.
- Les på SPOND, så får du vita det du treng.
- Vandrarane lærer så kva som er lurt å ha øverst, nederst og inn til ryggen i sekken når dei skal på tur. Å pakka ting i plast er heller ikkje dumt.
- Tenk og på kva de har bruk for undervegs og straks de kjem fram. Legg det øverst i sekken! To ting kan hengja utanpå sekken: sovepose og liggeunderlag.

Så kjem stunda då vandrarane skal visa kva dei har lært: Stafett gruppevis, og når gruppa er enig om at sekken er greit pakka, skal ein frå kvar gruppe gå rundt kyrkja med eit fullt glas med vatn i handa. Vinnar blir kåra.

Ei gruppe spikkar mens dei ventar - laga røreskei til kakao som blir servert seinare.

Matøkt høyrer med på kvart møte.  
- *Kvifor går du på speidaren?* spør eg og svara kom raskt:



# Teologi til folket 2021

VID Misjonshøgskolen inviterer for femte gang til Teologi til folket. Dette er en møteplass for Bibel, tro og tanke.

Bygging på Misjonsmarka i Stavanger hindrer bruk av Aulaen. Vi møtes derfor i

## den nye kirken i Sola sentrum.

Det er ingen påmelding, og forelesningene er gratis!

## Velkommen sammen med venner!

Professor i Det nye testamente, Jostein Ådna, vil i løpet av fire kvelder forelese over temaet «Bibelen Jesus og apostlene leste». Hva leste Jesus og apostlene i de hellige skriftene? Hva tenkte Jesus om forholdet mellom skriftene og seg selv? Hvilken betydning hadde skriftene for apostlenes forkynnelse og undervisning? Sammen-

hengen mellom Det gamle og Det nye testamente i kirkens første tid og i vår tid bli belyst.

**Tidspunkt: onsdager**

**kl. 18.00-20.00**

**Datoer: 20. januar, 27. januar, 3. februar, 10. februar**

Buss nr. 7 fra Stavanger stopper i nærheten av kirken. Her er også gode parkeringsforhold.

Spørsmål kan rettes til Terese Bue Kessel, [terese.bue.kessel@vid.no](mailto:terese.bue.kessel@vid.no), tlf. 51516232



- Synest det er kjekt på tur, gøy i naturen, lærer om naturen, lærer å spikka, vera med vennar, gjera oppgåver, sova i telt

*Nemn ein ting som er bra med speidaren:*

Klatring, pinnebrød, grilling, rapellering, møta vennar, bål, naturen og utfordringar.

Me fekk og høyra at det er lyd i vandrane. Speidararunga frå Bryne kyrkje og langt utover Brynebyen.

Simen Hersdal - den yngste av leiarane i gruppa - er åleine rover på Bryne. Han har difor valt å vera med som leiar for vandrane. Simen får mykje ros for jobben han gjer. Sjølv har han vore speidar i 13 år. Simen seier òg at klatring er populært for vandrargruppa. Laurdag i haustferien var det totalt 20 stk - 6 vaksne og 14 barn/unge - som rappellerte ned kyrkjjetårnet på Bryne.

*- Kva er så bra med speidaren?*

- Alle kan vera med i speidaren. Her har ein ikkje fokus på kven som er best.

Speidarbøna blir beden før Vandrane avsluttar møtet.

Leiarar for vandrane er: Katrine Stensland, Simen Hersdal, Jens Olav Hetland og Runar Undheim.

## Leiarar som trivst

-I vår speidargruppe har vi det mottoet at så lenge speiderlederne har det kjekt sammen, så klarer vi å skape gode opplevelser for speiderne våre, seier gruppeleiar Kjell Arild Nielsen. Bryne KFUK-KFUM har kvart år eigen tur for leiarane med kjekke aktivitetar, god mat, god tid til song og drøs rundt leirbålet.

Ein av leiarane, Jens Olav Hetland, seier at han lever draumen sin som speidar. Som barn fekk han ikkje gå i speidaren, for han var med på så mykje anna. No har han

vore med i snart ti år - over to periodar. Han har følgt eigne barn.

-Spikka, brenna bål og vera i naturen er det eg vil, seier han med eit smil.

Mange speidarleiarar er med fordi barna deira har starta. Katrine Stensland var utan speidarerfaring. Ho starta når barna ville bli med. - Eg visste òg at eg hadde noko å bidra med. No er eg med i Kretsstyret.

Bjørnar Tollaksen var speidar sjølv som barn og ungdom.

- Etter eg fekk ungar sjølv, gjekk eg berre og venta på at dei skulle bli store nok: Endeleg kunne eg få starta i speidaren igjen! Ein leiar må vera glad i naturen og glad i ungar. Me er mange som deler på ansvaret, og det gjer det lettare å vera med, legg han til.

-Leiarane er flinke til å rekruttera nye leiarar, seier Kjell Arild.

Helgedagen har møtt 12 av leiarane, men det er 5 leiarar til som er med i dette viktige arbeidet. Leiarane gir gutar og jenter opplevingar for livet - gjennom friluftsliv, samarbeid, vennskap og læring.

Speidaren på Bryne har hytte i Urådalen. Hytta blir mykje brukt, men Covid-19 har sett grenser for bruk dette året. Bryne KFUK-KFUM - speidarar støttar opp om lokale arrangement på Bryne - som Livsgledefestivalen, Familiefokus og Lysmesse i Bryne kyrkje. Speidarane er òg med på ekspedisjonar og campar, t.d. på Alsvik Natursenter.

Det har vore ei stor glede å vera på besøk i speidaren. Positivt å erfara at så mange ønskjer å bli speidar, og godt å oppleve at mange barn og unge er så glade i naturen. Lykke til vidare!

# LARS SIGURD TJELLE – NY PROST I JÆREN PROSTI

**Den 1. oktober starta Lars Sigurd Tjelle prostegjeringa si i Jæren prosti. I det høve var det naturleg at Helgedagen tok ein prat med den nye prosten.**

TEKST OG FOTO: ARNFINN VIGRESTAD

*-Du arbeidde fleire år som misjonsprest i Japan. Kva har desse åra gitt deg?*

- Det var rike og gode år, på mange vis. Me var ein del av eit samfunn som var veldig ulikt vårt. Språket, maten, ja, heile kulturen var forskjellig. Det å kjenna på at ein er framand, står utanfor, var ei nyttig erfaring å ta med seg vidare, både i prestenesta og i livet elles. Eg fekk gjennom desse åra eit vidare og utvida perspektiv på kyrkja og det arbeidet kyrkja driv. Kyrkja er global, og eg vart ofte slått av kor like me er, når ein berre kjem litt på innsida av den enkelte.

## Lars Sigurd Tjelle

Fødd i Japan i 1964. Vaks opp i Haugesund der faren var prest. Yngstemann av 5 søsken. Var i ungdomsåra sterkt engasjert i skulelaget og tensingrørsla. Glad i song og musikk og var fleire år dirigent for tensingkoret i byen. Studerte ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Ferdig i 1990 og arbeidde då eit år som stasjonsprest på militærbasen på Andøya.

Reiste i 1993 til Japan som misjonær, utsend av NMS. Dei to første åra i Japan var språkskule, seinare verka han som prest i stort sett same teneste som kyrkjelydsprestane her heime.

Etter 10 års teneste i Japan, kom familien attende til Noreg, og dei neste 8 åra var han i ulike stillingar i NMS her i Stavanger krets. I 2012 kom han til Nærbø som sokneprest og var der fram til 1.oktober 2020 då han byrja som prost i Jæren prosti med sete ved kyrkjekontoret her i Time.

Lars Sigurd Tjelle har hus og er busett i Sandnes. Han er gift med Kristin frå Sandnes, og dei har 4 vaksne barn og to barnebarn.



*-Kva er det med prostestillinga som fasinerer deg, og som gjorde at du søkte?*

-Eg trivst med å vera leiar, ha leiaroppgåver. I denne stillinga skal eg vera som eit nav i hjulet. Eg har eit arbeidsgjevaransvar for prestane. Det inneber at eg vil bruka mykje tid på dialogen med prestane som står i nærarbeidet ute i prostiet. Eg ønskjer å vera ein god medspelar for prestane og alle kyrkjelege tilsette i prostiet. I tillegg liker eg å vera kyrkjelydsprest, og det får eg og høve til i denne stillinga, mest her i Time, men og i dei andre sokna i prostiet.

*- Kva ser du av utfordringar – for deg og for kyrkja?*

Eg ønskjer at den norske kyrkja skal vera relevant for folk, svara på deira behov! Det er ei formidabel oppgåve å formidla bodskapen på ein slik måte at folk, i alle aldrar, kjenner at her er det noko av verdi, noko dei kjenner gjev dei noko. Eg trur mange i dag vil ha andre svar enn dei sekulære. Me ser det kanskje sterkast i krisetider, men me opplever og at folk vil til kyrkja i fest og glede. Eg ser utfordringar med å gje folk ein trygg stad, ei fin ramme når dei kjem til kyrkja. Me skal ikkje, og me kan ikkje, gje dei svar på alle spørsmåla dei sit med, men me skal vera opne og lyttande. Eg ønskjer at dei som kjem til kyrkja, ikkje skal vera på «besøk», men kjenna at dei er komne heim!

Ei anna stor utfordring for kyrkja er rekrutteringa. Korleis skal me få tak i unge menneske som ønskjer å gå inn i





TEKST: GUNNAR BJORLAND STONE

Hausten er over oss og me nærmar oss slutten på året med stormskritt. Eit annleis år enn me hadde førestilt oss. Covid-pandemien har prega samfunnet vårt enormt, og kyrkjelydsarbeidet like så. Likevel er det gledeleg å sjå korleis kyrkjelydane har snudd seg rundt med nye, kreative idéar for å nå ut til medlemmane sine og skape rom for fellesskap. Saman håper eg me som kyrkjelydar framleis klarer å sjå menneska rundt oss, behova deira, og møte dei med Guds ord og kjærleik i ei annleis og for mange vanskeleg tid.

Av spanande ting som kan nemnast for 2020 er fokuset på barn og unge. Med tilskot frå Stavanger bispedømmeråd, har me oppretta ein ny 50% stilling som barne- og ungdomsdiakon, som Marit Høie Hetland har gått inn i. Undheim sokneråd har finansiert ei 30% ungdomsarbeidarstilling som Eline Fosse byrja i no etter sommaren. I tillegg er det tilsett ny prostiprest/ungdomsprest som skal arbeide i Nærbø og Bryne kyrkjelyd. Dette fokuset på ungdom i kyrkjelydane våre er svært gledeleg og tiltrengt, og reflekterer fokuset Den norske kyrkja sentralt har på

## FRÅ KYRKJEVERJA SIN PULT

same aldersgruppe.

Av andre saker frå kyrkjeverja sin pult, kan nemnast bårhuset og gravplassen. Bårhuset på Time vart bygd i 1960/61 og har stort behov for oppgradering. Det er bevilga midlar frå Time kommune til ein stor rehabilitering av bygget i 2021. Bårhuset vil då gå frå å innehalde eit enkelt syningsrom, kjølerom og lager, til å vere eit livssyns- ope seremoni- og syningsrom med tilhøyrande moderne kjøleapparat.

Utvidinga av gravplassen på Time vart fullført ved årsskiftet, og fleire felt er no tatt i bruk. Gravplassen vart i oktober overrekt frå kommunen til fellesrådet av ordførar Andreas Vollsund og deretter vigsla av ny prost, Lars Sigurd Tjelle. Fellesrådet er svært takksame til Time kommune for den nye gravplassen, og vil spesielt takka Plan- og Utbyggingssjef Ole Bjørn Maråk som har leia prosjektet frå start til mål med stødig og kompetent hand.



presteteneste i åra framover?

*-No har du vore nokre år på Nærbø og Jæren. Korleis har du funne deg til rette med jærboen?*

- Eg stortrivst på Jæren og med jærboen. Det er noko med folket og kulturen her som er så flott. Arbeid har høg status og «ståpåviljen» er eit kjenneteikn på dei som lever og bur her. «Gje gass» - det går som oftast bra – er mottoet for mange jærboar. Jærboen er ikkje «så skræmande» som mange vil ha det til. Vel kan han vera vel direkte stundom, men då kan eg vera den som kjem inn med litt fleire nyansar!

*-Har du ei personleg helsing til Helgedagen sine lesarar?*

- Først av alt ønskjer eg dykk alle velkomne til kyrkja og dei ulike aktivitetane som me driv i kyrkjene i Time. Her er mange tilbod for både liten og stor. Eg tenkjer stort om velsigninga. Det å få lysa Guds signing over kyrkjelyden. I det ligg og Guds signing over heile kommunen og folket som lever og bur her. Alle er inkluderte – òg du som lesar av Helgedagen.



Bøneboka i Norsk Salmebok nr. 198

## BØN FOR KYRKJEDØRA

Gud, gjer døra til dette huset vid nok til å kunna ta imot alle som treng kjærleik og fellesskap, og smal nok til å stengja ute misunning, hovmod og strid. Gjer denne dørstokken jamn nok til ikkje å bli støytstein for born eller vegfarande, men steil og sterk nok til å stå imot fiendens åtak. Gjer denne kyrkjedøra til ein port mot ditt evige rike.

(Thomas Ken (1637-1711) O: Katolsk bønnebok (1990))

## STEVNEMØTE MED SALMEBOKA INNLEDNING TIL ALLE SALMENE I NORSK SALMEBOK 2013

TEKST: ELSE MARIE BUE


Denne boka kom ut i fjor og er skriven av Vidar Kristensen. Eide forlag har denne presentasjonen: - Boka har en innledning til hver eneste salme i Norsk salmebok 2013. Den gir hjelp til å åpne tekstene så en forstår mer av budskapet i salmen, men den gir også hjelp til å sette salmen inn i en større sammenheng.

Om den kjære julesongen **Jeg er så glad hver julekveld/ Eg er så glad kvar jolekveld**, skriv Vidar Kristensen:

- Forfatteren, Marie Wexelsen, bodde hele livet på gården Øvre Sukkesstad på Østre Toten. Folketradisjonen forteller at hun som 26-åring sitter hjemme på kjøkkenet julaften 1858, mens julemiddagen står i ovnen og moren tenner talglysene «så ingen krok er mørk.» Hun husker fortellingen om den store stjernen som «lyste så i hele verdens ørk». Mens hun sitter der begynner hun å skrive. Ni korte vers blir det - om gleden hun opplever hver eneste julekveld.

Året etter kommer sangen på trykk i ei barnebok hun ga ut. Siden boken er den første sikre kilden for sangen, står årstallet 1859 på teksten i salmeboka.

Marie Wexelsen ga ut flere barnebøker, hvor hun lot fattige husmannsbarn være hovedpersoner.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

Weedad Ahmad Al-Khalaf gruer seg til vinteren i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaadalen i Libanon. Du kan lesa meir her: <https://www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/menighetsartikkel/>.

Du kan vera med og hjelpa familiar i nød og gi dei tryggleik til jul:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.  
Send GÅVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.  
Gåvekonto: 1594.22.87248



## HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN



### MIDNATTSMESSE

vert det i år i *Time* kyrkje nyttårsnatt.

Mange vil minnast at det for ein del år sidan var vanleg med slike samvær. Ikkje få — både unge og eldre — har gitt uttrykk for at de saknar samvær i kyrkja vår denne natta. Det skal difor vera høve til for den som måtte ynskja det å slutta gamalåret og byrja det nye i Guds hus. **VELKOMEN!**

*Det skinner et lys fra en stjerne,  
igjennem natten herved.  
Der lyder en tone fra himlen  
til jorden om fred, om fred.*

*Hernede er lysene stængte.  
I mørket høres kun skrig,  
som truer, hoverer og jamrer.  
Jorden ved kun om krig.*

*Bli ved, du ensomme stjerne,  
at sende ditt lys mot jord,  
til hjerterne dog omsider  
bøjer sig dypt og tror.*

*Og syng om freden, Guds engle,  
utrettelig syng og spill,  
til hjerterne dog omsider  
bøjer sig dypt og vill.*

Kai Munk.

### “LAUST OG FAST” våren 2021 i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje



Onsdagar kl. 14.00 - 16.00

20. januar                      17. februar

24. mars                        21. april

I januar vert Stein Ødegård med

Ord for dagen, song, utlodding og matpause.

Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som tida høver for.

Arr. “Laust og Fast”-komitéen



**Ungdomstilbod på Lye forsamlingshus**  
**Frå 8. kl. og oppover**  
**Annankvar fredag frå kl 20 - 01:00 (partals-**  
**veker)**  
**Ope for ungdommar på Lyefjell - og elles i**  
**Time**

TEKST: LIV HELENE Ø. HÅLAND

FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND OG VARDEN

Arbeidet starta i mai 2019. Mange såg at det var lite helgetilbod for ungdommane på Lye, og desse fredagsarrangementa har vorte populære. Dei har opplevd kraftig vekst, nå er mellom anna 80 - 90% av konfirmantane frå Time og Undheim med på samlingane. Då kjem det godt med at Martin Berge gjennom konfirmantarbeidet kjenner mange namn frå før!

Martin har vore med frå starten. Han er tilsett i 30% stilling som ungdomsarbeidar ved Lye forsamlingshus.



**To smilande karar med hjarte for ungdom!**  
**Prosjektlear Ung i Time: Asle Steinbru og**  
**ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus:**  
**Martin Berge**

Martin er oppvaksen på Lende, så han kjenner folket og miljøet. I ein samtale med han og Asle Steinbru, får me vita meir om Varden ungdomslag. Asle er prosjektlear for Ung i Time, og prøver å vera inspirator og støtte for Martin og Lye-gjengen. Som prosjektlear skal Asle følgja ung-



**Møte**

domsarbeidet på Lye, Bryne og Undheim. Dei har fått til eit greitt opplegg - som gjer at ungdommane har eit tilbod kvar helg:

På Lye har dei Varden ungdomslag fredag i partalsveker og KRIK (Kristen Idrettskontakt) - i oddetalsveker, dvs eit tilbod på Lye kvar helg

På Undheim har dei UKUF (Undheim kristelege ungdomsforening) den helga dei ikkje har Varden på Lyefjell, dvs i oddetalsveker. Dette samarbeidet gjer at kjernen i ungdomsgjengen blir større, dei kan vera saman både på Lye og Undheim, til felles glede. Også ungdommar frå Fotland bedehus finn vegen til både Lye og Undheim.

Sidan det er Varden ungdomsforening på Lye som har fokus denne gongen, vil me gjerne høyra litt meir om opplegget. Martin fortel at dei har eit styre på 7 personar →



## Lys på gravene

Å tenna lys på gravene har blitt ein fin og god tradisjon for mange. Spesielt nå i den mørke og kalde tida, når det ikkje er aktuelt med planter på grava, er det fint å minnst våre kjære med levande lys.

Dessverre er lysa på gravene eit problem for bøndene i nærleiken av gravplassane. Små plastlykter som blenkjer fint, og talgen i desse, er fristande for fuglane som tek dei med seg og slepper dei frå seg på ei mark i nærleiken. Til våren hamnar så desse i føret til dyra og fører til store lidingar, og i verste fall avliving. For å unngå dette **skal** alle lys plasserast i lukka, fastmonterte lykter slik at fuglane ikkje får tak i dei.

Om me alle tek hensyn til dette, er denne fine tradisjonen med lys på gravene til glede for alle.

Ass. kyrkjeverje Siri Vik



**Styret i Varden: Bakerst til venstre: Martin Berge Frå venstre: Alfred Undheim, Kristoffer Vassbø, Maria Slettebø, Oline Høie Hetland, Renate Undheim og Nils Martin G. Sikveland**

frå 9. klasse og oppover - som saman med han set opp programmet.

Martin spelar sjølv, og dei har eit lovsongsteam som saman med ungdomsbandet deltek på alle samlingane. Møta har alltid ein andakt.

Ungdommane får mykje ansvar gjennom tekniskgruppe, mediegruppe, aktivitetsgruppe, pyntegruppe og kiosk/mat-gruppe. Dei har med hjelp av støtteordningar kunna servera gratis mat. Gruppene startar kl 18, så det er mange timars innsats på fredagskveldane!

Martin seier det er viktig at ungdommane får ein trygg arena å utvikla seg på, og at dei ønskjer å skapa ein sunn kultur på miljødelen av arbeidet. Alle som deltek skal kjenna at dei høyrer til og har ein funksjon i arbeidet. Alle

## Renate Undheim, med i styret, seier om Varden:

- På Varden merkar me at alle er veldig velkomne, og der er eit inkluderande miljø - der alle kan snakka med alle. Grunnen til at eg er med i styret, er fordi det er veldig kjekt og sosialt. Gøy å vera med å bidra til noko som mange synest er eit høgdepunkt i helga!

skal få komma som seg sjølve, uansett bakgrunn - og kjenna seg aksepterte. Terskelen skal vera låg for å komma på Varden!

-Gjevande, gild og variert stilling, seier Martin, der det overordna fokuset er å spreia Guds ord til alle.



**Ungdomsloftet**

# TRUSOPPLÆRING I KYRKJELYDANE I TIME



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKIA

TEKST: RAGNHILD HANSEN

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

### *Babysong*

Våren 2021 vert det babysong på Lye forsamlingshus, i Undheim kyrkje og i Brynekyrkja.



### *Time*

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage.

### **Datoar for våren:**

27. januar, 10. februar, 24. februar, 10. mars, 24. mars, 7. april, 21. april, 5. mai

Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca kl. 10.30-11.00.

### *Undheim*

I Undheim kyrkje er det open barnehage kl 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta).

Babysong kl 10.30-11.00.

### **Datoar for babysong denne våren:**

20. januar, 3. februar, 17. februar, 17. mars, 14. april, 28. april, 12. mai

### *Bryne*

Velkommen til babysong i Brynekyrkja annakvar torsdag kl. 10.30.

### **Datoar for babysong denne våren**

28. januar, 11. februar, 25. februar, 11. mars, 25. mars, 8. april, 22. april, 6. mai

### *Undretur*

I kyrkjene på Bryne og Time vert dei som fylte 2 år i 2020 inviterte til undretur i starten av året.

Velkommen til ein liten time i kyrkja med songsamling, leik og ikkje minst utforsking av kyrkja. Kanskje nokon har lyst til å prøve orgelet?

Dato for desse samlingane er ikkje sette, men invitasjonar vert sende ut på nyåret.

### *Førsteklasses*

I februar/mars vert førsteklassingane inviterte til «Førsteklasses».

Meir info kjem i neste nummer av Helgedagen. Invitasjonar vert sende ut.

### *Tårnagenthelg*

Alle 3.klassingar er velkomne til Tårnagenthelg. Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike



# VIGSLING AV NY DEL TIME KYRKJEGARD

TEKST OG FOTO: ARNFINN VIGRESTAD

Søndag den 18. oktober vart den nye delen av gravplassen på Time vigsla av prost Lars Sigurd Tjelle. For utan prosten var ordførar, rådmann og fleire kommunalt tilsette tilstades - i tillegg til kyrkja sine folk. Det har



**Prost Lars Sigurd Tjelle og ordførar Andreas Vollsund**

vorte ein vakker stad – for meditasjon og ettertanke, noko kyrkjeverja, Gunnar Bjorland Stone kom inn på i sin helsingstale. Han sa mellom anna: "Det er med stor takknemlighet og stoltheit eg står her og ser. Gravplassforvaltning er eit stort og ømtolig ansvar. Møte med døden er for mange den mest sårbare og smertefulle delen av livet, og det å ha ein plass å gå, ein plass å minnst, ein plass

som inviterer til stillhet, fred, refleksjon og ettertanke, er for mange ein heilt nødvendig del av sorgprosessen.

Den nye gravplassen møter desse behova på ein fantastisk måte - her er eit område der timebuen kan finna ro i grøne lommer langs elver og bruer, midt i det jordnære jærlandskapet og under den endelausa jærhimmelen».

Han takka vidare arkitekten, Astrid Norland, utførande entreprenør Grunnservice A/S, byggeleiar Jan Sørheim frå Novaform og prosjektleiar Ole Bjørn Maråk frå kommunen for umåteleg godt samarbeid. Time kommune har brukt mange ressursar og store summer på å leggja til rette for denne utruleg flotte parkliknande gravplassen i Time.

Ordførar Andreas Vollsund helsa frå Time kommune før prosten vigsla den nye delen av kyrkjegarden med skriftlesing og bøn.

## Korona

**Det vert truleg endringar i planane framover mot jul i høve til det som er sett opp her i Helgedagen. Følg med på nettsida til den enkelte kyrkjelyden (sjå under).**

**For alle arrangement i kyrkja med fysisk deltaking, vil det vera påmelding via nettsidene: [brynekyrkja.no](http://brynekyrkja.no), [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no) eller [undheimkyrkja.no](http://undheimkyrkja.no), eller på telefon 51770377.**



oppdrag. Dette blir spennande! God mat må òg til for gode agentar.

### Bryne

Fredag 22. januar og gudsteneste 24. januar

### Undheim

Laurdag 23. januar og gudsteneste 24. januar (både for 3. og 4. klasse)

### Time

Laurdag 30. januar og gudsteneste 31. januar

# Juleevangeliet

## Lukas 2, 1-20

1 I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.

2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.

3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt

5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.

6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda,

7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta.

9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

10 Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde!

Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:

11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe."

13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

14 "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!"

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: "Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss."

16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet.

18 Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.

20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisade Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

## Julehelsing

Kjære lesar! Nå sit du med Helgedagen i hendene og les. Saman med menneske verda over er også me i Time usikre på korleis dagane framover blir. Me veit ikkje om det vert råd for dei samlingane som Helgedagen annonserer. Kanskje er du i gruppa som helst bør halda seg i eige stove på grunn av smittefaren. Lat då Helgedagen vera eit handtrykk frå kyrkja i denne tida.

Kyrkjelydane i Time ynskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid!

Bryne, Lye, Time og Undheim kyrkjelyd



Kirkens SOS trenger <sup>flere</sup> frivillige!



Nytt kurs starter i Stavanger den 17. feb 2021

Les mer her: [kirkens-sos.no/frivillig](http://kirkens-sos.no/frivillig)

Ta gjerne kontakt:

[rogaland@kirkens-sos.no](mailto:rogaland@kirkens-sos.no) eller tlf: 971 70 995

## Minnegudsteneste

Stad: Time kyrkje

Tid: 10. januar 2021

kl.19.00



Namnet på den som har døydd frå dykk vil bli lese opp.

Det blir òg musikalske innslag og lystenning.

## VELKOMEN-Du som har mist ein av dine i år 2020



Gudstenesta er felles for Bryne, Time og Undheim sokn.

NB! På grunn av Covid 19- kan det bli endring.

## Misjonshelg - den årvisse samlinga

Israelsmisjonen i samarbeid med Bryne kyrkjelyd og Misjonskirken Bryne  
Hovudtalar Rolf Gunnar Heitmann, tidligere gen.sekr. i Den Norske Israelsmisjon

Lørdag 16. januar: **Misjonskirken**

Kl 12.00 – 14.00 Miniseminar

Tema: «Evangeliet etter Moses» - Finner vi Jesus i Det Gamle Testamente?

Søndag 17. januar: **Bryne kyrkje**

Kl 11.00 Gudsteneste, predikant Rolf Gunnar Heitmann

kl 18.00: Kveldssamling. Rolf G. Heitmann: «Utvalgt folk, hvem hva hvorfor?»

Lovsangsteam fra Misjonskirken m.fl.

**Vel møtt!**



## GAVEAKSJONEN 2020

Ikke alle barn gleder seg til jul.  
Vil du gi en **meningsfull** julegave?

Enkelte familier opplever julen som en spesielt vanskelig tid, og derfor har flere menigheter i flere år samlet inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og i samarbeid med NAV Klepp og Time, først og fremst blitt delt ut til familier i en vanskelig økonomisk situasjon.

Behovet er stort, og jo flere som er med, jo flere har vi mulighet for å hjelpe. Skulle det komme inn mer penger enn det som trengs til jul, så kan pengene som kommer inn bli brukt til andre formål til samme gruppe. F.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.

Vil du/dere bidra med å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabolaget? Da oppfordres du/dere til å gi en god gave til aksjonen. Dette gjør du/dere ved å sette pengene inn på

**konto 3290.07.79088 eller vippsnummer 103540**  
merket med julegaveaksjonen 2020  
innen 10. desember

Vi takker så mye for ditt bidrag, og ønsker deg Guds rike velsignelse.



## FRÅ TIME KYRKJELYD TIL BISPEDØMERÅDET



**Liv Heidrun Skaar Heskestad vart i 2019 vald som ein av sju leke medlemer til Stavanger bispedømeråd, eit verv ho overtok etter Marie Klakegg Grastveit frå Kverneland. Bispedømerådet representerer heile bispedømet, heile Rogaland fylke. Saman med biskopen, ein representant for prestane og ein for andre kyrkjeleg tilsette, har rådet ansvar for Den norske kyrkja (Dnk) sitt arbeid i Rogaland. Liv Heidrun vart vald til leiar for dei neste to åra. Ho er vel kjend i Time, busett og aktiv i livet på Lye, og ikkje minst i Time kyrkjelyd. Men vaskekte Jærbu er ho ikkje. Sine barnesko trødde ho på Stord.**

TEKST: ELSE-MARIE BUE

*- Du deltok nyleg då den nye kyrkja i Sola vart vigsla. I kyrkjelydane høyrer og ser me biskopen og rådsmedlemene ved festlege anledningar. Kva med kvardagane, ansvaret og sakene?*

- Ja, det vert ein del festdagar, men mest kvardagar. Det gjeld å halda seg orientert og setja seg godt inn i alle saker. Eg deltek i møte der me går gjennom arbeid i bispedømet. Nasjonalt møtest også leiarane til drøfting av felles saker.

*- Har de fokus, eit motto eller ein leietråd å arbeida etter?*

- For Den norske kyrkja frå nord til sør er visjonen: **Meir himmel på jord**. Dette begrepet femner vidt. For meg betyr det meir av Guds nærleik, meir av Jesu kjærleik og meir omsorg mellom oss. Så har kyrkjelydane sine eigne fokus. Her i Time er leietråden for Undheim kyrkje: **Møta nye vener, søkja Gud og få del i oppdraget**. Brynekyrkja presenterer seg slik: **Den opne famns kyrkje. Ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si**

**retning.** Lye forsamlingshus sin visjon er: **Me vil at alle på Lye skal bli betre kjende med Jesus Kristus**. Time kyrkje: **Meir himmel på jord**.

*- Ansvar for kyrkja sitt arbeid i Rogaland, kva betyr det i praksis? Er bispedømerådet vektar for alle kyrkjelydane?*

- Kyrkjelydsarbeid må vera lokalt forankra, derfor kviler dette ansvaret først og fremst på kyrkjelydsråd og prest. Dei kjenner arbeidet og mulighetene. Utfordringa er støtt å vera vakne og tilretteleggja for visjon og strategi. Kort sagt: alltid sjå ansvaret ved å vera kyrkje på sin stad. Tett kontakt til prost og kyrkjeverje kan dei også ha.

*- Kyrkjelydsmøta som vert haldne nå for å gå gjennom nytt for gudstenestefeiringa, kva gjeld det eigentleg?*

- Dette er ei aktuell sak for heile Den norske kyrkja. Målet er å få ein gjenkjenneleg liturgi overalt i landet vårt. I hovudsak vil det bety justeringar av kva musikkuttrykk som vert gjeldande og nokre endringar i liturgien. Kyrkjelydane går nå gjennom dette. Då Kyrkjemøtet nyleg feira gudsteneste i Nidarosdomen, var det ei veldig høgtidsam og fin gudsteneste. Rammene, arkitekturen og historia spela med. Men eg såg klart og tenkte at same stilen ikkje kan overførast til alle kyrkjer i landet vårt. Derfor er desse møta nå så viktige. I sokna kan det vera både klassiske kyrkjebygg og arbeidskyrkjer. Ein kyrkjelyd kan ha mange eldre, ein annan kan ha flest yngre familiar. Nå har alle ansvar for å fokusera på det som byggjer **vår kyrkjelyd**. Dei får grunngje sine meiningar og søkja biskopen om godkjenning for **si gudsteneste**.



**Vigsling av Sola kirke oktober 2020**



## Bibeldagen 2021 Biblar til Cuba

Sundag 31. januar er det Sámannssundag og Bibeldag.

For nokre år sidan hjelpte norske kyrkjelydar til med å skaffa ein million biblar til Cuba. Kyrkjene veks framleis. Det igjen eit stort behov for biblar. Les meir om prosjektet på nettstaden: <https://www.bibel.no/Bibलगaven/Bibeldagen/Bibeldagen2021>.

Bankgirokontonummeret til Bibelselskapet er 3030.16.16869

Internett: <https://bibel.pro-fundo.no/cuba0919>.



## Strikkekafeé

på Lye forsamlingshus  
"Ikkje bare for dei med strikkesetøy"

Strikkekafeéen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikkesetøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan handa litt hjelp, **men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.**

Med alle forbehold om endringar i koronasituasjon og smitteverntiltak, blir det strikkekafeé i vinter på desse dagane:

**Torsdagar kl. 19:30  
21. jan., 18. feb. 2021**

Sjå eiga Facegook-side for kafeéen:  
<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>



### Kimer, I Klokker

Blandakoret Vivace

Julekonsert i Bryne kyrkje

Sundag 20. desember kl. 17.00 og 20.00  
Førehandsbestilling: 90870927



## SARON HEILAGE TRE KONGARS FEST

SØNDAG 3. JANUAR KL 1900

Tale av **Terese Bue Kessel** og **Haakon Kessel**

Song av: **Shalom**

Servering - Misjonsgåve

Alle velkomne

Koronatilpassing

- *Tilsetjingssaker får de vel også på bordet?*  
- Når ein prest skal tilsetjast har Bispedømerådet siste ordet, men mange har vore med i prosessen først, ikkje minst sokneråd og instillingskomité. Søkjarar har møtt til intervju osv. Etter grundig arbeid, også i bispedømerådet, har me siste ordet.

- *Har du tankar om saker me ikkje har vore innom?*  
-Ja, det skal snart koma forslag frå sentralt hald om to satsingsområde. 1. Frivillighet og 2. Integrering av våre nye landsmenn. Til dette kan eg kommentera at kyrkja er heilt avhengig av frivillige. Dei må ikkje bare inviterast som medarbeidarar og verta sette i sving. Frivillige må bli ivaretekne på best mulig måte, kjenna seg sett og verdsette. Takkens og oppmuntringens nådegåve treng me alle meir av. Heller takka enn sukka!

Me bør også vera vakne for at nye landsmenn kan kjenna seg velkomne til kyrkja. På stader der det er mange immigrantar, finn dei saman i eigne grupper og forsam-

lingar. Men mange stader er dei få og einsame som treng venner og felleskap i det nye landet.

- *Dette er det første bispedømerådet som har medlemmer frå 3 lister, Nominasjonslista (3), Åpen Folkekirke (3) og Bønelista (1). Det må vera krevjande for alle, og ikkje minst for deg som leiar.*

- Me er enige om å samarbeida godt og respektfullt, og tåla å vera uenige. Sakene me drøftar er viktige for alle, og me har felles mål: Meir himmel på jord. Alt er skapt og elska av Gud. Det viktigaste tilbodet me har som kyrkje er nåde og frelse. Eg har ein favorittsalme, **Deg å få skode.** Slik syng me i andre verset:

**Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vera barn her hjå deg.  
Kom til meg Herre, ja bu du i meg!**

Lukke til, Liv Heidrun, i dette ansvaret og takk for innsikten du har delt med Helgedagen.

## Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Illustrasjonsfoto

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr)  
eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



## TORSDAGSTREFF I Bryne kyrkje våren 2021

Torsdagar kl 14.30 - i kyrkjesalen

Torsdagstreffet i januar og februar er avlyst på grunn av korona.

18. mars, 15. april, 20 mai



Velkommen!

## Den Norske Israelmisjon, Stavanger krets Kretsårsmøte på Bryne Søndag 14. mars 2021

Innhold:

- Deltakelse i gudstjenester i Time kyrkje og Frøyland Orstad kirke, kl 1100
- Kaffe og smittetrygg mingling i Saron, Bryne kl 1330

### Resten av programmet blir på Saron

- Årsmøtet kl 1400
- kl 1630, stor misjonsfest som starter med smittetrygg servering

Generalsekretær Vegard F. Soltveit er hovedtaler for dagen. Han vil tale ved gudstjenesten i Time kirke, og på festen om ettermiddagen.

Vi tilbyr ikke middagservering mellom gudstjeneste og årsmøte.

Noen viktige punkt i årsmeldingen for 2020: Den kre- vende smittesituasjonen, ny gjenbruksbutikk er etablert, Kretslotteriet ble utsolgt og at det ble skifte i stillingen som misjonsrådgiver.

Paul Odland, misjonsrådgiver



## JULEKONSERT med Svithun choralis Bryne kyrkje tirsdag 5. januar kl. 20

Korsang, solosang og fellessang

Medvirkende: Sangeren Magne Fremmerlid, Biskop emeritus Ernst Baasland og organist Terje Hadland

St. Svithun choralis er et frittstående damekor ledet av tidligere domkantor Arne Hadland.

De 18 sangerne i koret har sin bakgrunn fra korene i Domkirken. Magne Fremmerlid har hatt en lang sangkarriere ved Den norske Opera og som freelance.

Kollekt til dekning av utgiftene.

Blir gjentatt i St Petri kirke, onsdag 6. januar kl. 1930

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p>Varme &amp; velvære entusiast <b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22</p>
 <p><b>jæren</b> sparebank</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p><b>Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>HOLMANE Bil</b> Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 http://holmanebil.no</p> 
<p><b>REMA 1000</b> Håland 7-23(8-21)</p>	<p><b>Byggelaget</b></p>	 <p><b>EL-TEAM</b> Elektrøentreprenør Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p> 
	 <p><b>Torget</b> Restaurant Torget 5 BRYNE</p>	 <p>BYGG MESTER <b>JENS GERLACH</b> <b>SØRENSEN A-S</b></p>
 <p><b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	<p><b>EiendomsMegler 1</b></p>	<p><i>Bogh Hafsoe a/s</i> <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	 <p><b>SPAREBANKEN</b> SØR</p>	 <p><b>haver</b></p>
 <p><b>TIMEELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>	<p><b>WACO</b> Forsikringsmegling as</p>	<p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>



# BARNAS SIDE


## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



## VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot. Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og posisjon!  
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:  
Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.  
Andre gong får du 2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir sikkerheitsbeltet inndrege.



**Bryne**  
Kto. 3325.20.11906



**Vil du ha  
Misjonstidende MT  
GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

### VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon  
og internet, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meining.



### TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta siff eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**



**TAKK**  
til deg som



UTRYDDER  
FATTIGDOM



DELER TROEN  
PÅ JESUS



BEKJEMPER  
URETTFERDIGHET



VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)

**SAMMEN  
FORANDRER  
VI VERDEN**



### Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.  
Vil du hjelpe familier som sliter med  
alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)  
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



# Skaparverket

## Dompap

TEKST: ROLF HESKESTAD

FOTO: HARALD LYGREN



Dompapen er julefuglen framfor nokon. Ser ein på gamle julekort, så er ein dompap i eit havrenek kanskje eit vel så vanleg motiv som Jesusbarnet. Kvifor det blei slik kan ein lure på. Dompaphannen med sitt flotte lakseraude bryst, er jo alltid ein kjær gjest i juleneket, så det er kanskje ikkje så rart at den fekk plass på julekorta.

Her på Jæren ser ein ikkje dompapen så ofte, men er ein heldig kan den streife innom fuglebrettet i løpet av vinteren. Dompapen er ein skogsfugl. Hoa er åleine om reirbygging og ruging. Hannen lurar seg unna, men er heldigvis så pass til kar at han serverer mat til frua som ligg på reiret. Etter klekking er dei begge med på ungestellet. I starten får ungane insekt og andre småkryp. Etter kvart blir kosthaldet basert på knoppar og frø. Om våren kan dei gjere stor skade i frukthagar dersom dei går laus på blomeknoppene.

Namnet dompap kjem frå Tyskland. Den geistlege dompaffe (domherre) bar ei drakt med fargar som likna på dompaphannen si fjørdrakt. Elles er jo "dompap" brukt nedsetjande om folk som ein tykkjer unnlet å bruka vitet. Det er ingenting som tyder på at denne flotte fuglen fortener ei slik kopling.

Heng ut havrenek og legg ut solsikkefrø, så er du kanskje heldig og får besøk av denne staselege fuglen i løpet av vinteren!

## Det litt muntre hjørnet:




Løysing Helgekryssord - 4/20

Ved en familietilstelling var den 7-årige Per svært opptatt av å se på bestemor som hadde vanskelig for å greie de mer bastante tingene i menyen. Plutselig sier han:

- Ka e' de' hu bestemor tygge me'? E' de' me' felgane?

(Frå Folk é lögne 1950 s.108. Med løyve frå Stavanger Aftenblad)

## Helgekryssord - 5/20 (av Gabriel Tengsareid)



### Vassrett

2. Røynd
7. Tynne ut
9. Julesong
11. Aromatisk druesort
14. Gli
15. Svellande
17. Ikkje digital
18. Rastlaus
21. Ingen andre enn
23. Kloster
24. Fuglar
26. Fins
27. Stad i Time
32. Spela i regnbogefargar
34. Reiskapa
35. Sakramentet

### Loddrett

1. Hormon
2. Turarrangør
3. Verksemd utandørs
4. Helse
5. Makta
6. Dei vitskaplege påstandane
7. Rislar
8. Utan ende
10. Eining for volum
12. Tinn
16. Avliden
19. Ri
20. Pronomen
21. Øydelegging (omv.)
22. Planten
25. Knipe
28. Heve seg
29. Grei
30. Fordel
31. Kvitter seg med
33. Kort stund

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time kto.nr. 3325.39.13407
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Barne- og ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3290.58.78041
Stikk innom vår heimeside <a href="http://www.time-kyrkja.no">http://www.time-kyrkja.no</a>



**JÆREN MISJONS RADIO** Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9  
[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

**Sendetider**  
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
Tirsdag: 08.30 - 09.00  
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00  
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45  
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.**

**Vil du gi en gave til Normisjon?** 

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



**BLIFADDER!**  
[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)  
© 22 94 26 00 

Miljø, møteplass og misjon	
<p><b>NMS gjenbruk Bryne</b></p>  <p>Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata</p> <p>Opningstider: mandag-fredag 11.00 - 17.00 laurdag 11.00 - 15.00</p>	<p><b>FRETEX butikk Bryne</b></p>  <p>Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata</p> <p>Opningstider: mandag stengt tysdag-fredag 11.00 - 17.00 laurdag 11.00 - 15.00</p>
<p><b>Vi tar imot og sel:</b> Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Vi tar også imot stumpar av stearinlys Telefon 400 37 151</p>	<p><b>Vi tar imot og sel:</b> Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Telefon 922 09 638</p>



## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

06.09.2020: Ellinor Bjønnes-Ånestad, Ella Gurholt  
 13.09.2020: Sigrid Ravndal-Fuglestad  
 04.10.2020: Kristiane Christiansen, Sonja Fisketjøn, Magnus Løge, Eva Haarr Tunheim  
 25.10.2020: Isaac Årstad, Ellinor Gaarder, Lykke Lykkebø Høyland, Luca Larsen Oddane, Markus Larsen Oddane, Olai Nedrebø Storhaug

### TIME KYRKJE

06.09.2020: Ivar Steffensen Haugland, Alba Finnesand Undheim  
 19.09.2020: Eline Pollestad Aga, Elias Wantz Aursland, Theo Osland Egeland, Jonathan Stokka Fæø, Magnus Njølstad Hegdal, Annie Særheim Hustoft, Brage Breiland Serigstad, Åshild Aalberg Undheim

### UNDHEIM KYRKJE

11.10.2020: Ina Elisabeth Reime

### LYE FORSAMLINGSHUS

27.09.2020: Bjørn Wold-Barane

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

06.09.2020: Ea Gåsland Olsen (Bremnes kyrkje)  
 25.10.2020: Ella Gjerde Hetland (Frøyland og Orstad kyrkje)



## VIGDE

### TIME KYRKJE

29.08.2020: Silje Helen Haver og Joakim Tjensvoll Fosse  
 12.09.2020: Målfrid Jakobsen og Bjørn Andreas Johansen  
 19.09.2020: Monita Renee Edland og Tom Roger Henriksen  
 26.09.2020: Eila Njærheim Stivimoen og Mike André Kristiansen, Therese Dodds og Vidar Larsen  
 10.10.2020: Anne Grete Apeland og Geir Magne Waldeland  
 17.10.2020: Cathrine Tjessem og Bjarte Voll

### BRYNE KYRKJE

30.10.2020: Silje Margrethe Skipstad og Bjørnar Goa

### BRYNE

19.09.2020: Siv Kristin Herikstad og Gunnar Laland, Jærkoddens lokaler



## DØDE

Einar Ellingsen	Siri Nessa Bjørnevik
György Kokes	Reidunn Sangholt
Helga Tunheim	Anna Johanna Hauge
Gunhild Øgård	Reidun Aavitsland
Odd Helge Sæther	
Olaug Magdalena Tjåland	
Gerd Håland	Gunvor Garborg
Kasper Solli	Leiv Reidar Reiestad
Alf Gausland	Rolf Harald Olsen
Solveig Oddane Undheim	

### Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø (Undheim)

tlf. 467 94 518

Sokneprest Yngvar Nilsen (Time)  
tlf. 466 52 874

Diakon Praxedes Slettebø  
tlf. 48 89 69 19

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

☎ 51 97 29 00

DØGNVAKT



VI HAR OGSÅ  
GRAVSTEINAVDELING  
[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

*Aase*  
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:

[diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

# GUDSTENESTER

## Sundag 6. desember

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 13. desember

Undheim kyrkje 10:30  
Time kyrkje 11:00

Bryne kyrkje 11:00  
Lye forsamlingsh. 16:00

## Sundag 20. desember

Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 3. januar

Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 10. januar

Lye forsamlingsh. 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 19:00

## Laurdag 16. januar

Time kyrkje 15:30

## Sundag 17. januar

Time kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 24. januar

Lye forsamlingsh. 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 19:00

## Sundag 31. januar

Time kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 7. februar

Undheim kyrkje 10:30  
Lye forsamlingsh. 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 14. februar

Time kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 19:00

## Sundag 21. februar

Undheim kyrkje 10:30  
Lye forsamlingsh. 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Sundag 28. februar

Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 11:00

## Sundag 7. mars

Undheim kyrkje 10:30  
Lye forsamlingsh. 10:30  
Bryne kyrkje 19:00

## 2. s. i adventstida

Luk 21,27-36  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Påmelding: time-kyrkja.no  
Familiegudsteneste. Dåp. 4-åringar  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd

## 3. s. i adventstida

Luk 3,7-18  
Songgudsteneste  
Gudsteneste. Nattverd.  
Påmelding: time-kyrkja.no eller 51 77 03 77  
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule  
Syng jula inn

## 4. s. i adventstida

Luk 1,39-45  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd

## Kristi openberringsdag

Luk 2,40-52  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule

## 2. s. i openberringstida

Mark 1,3-11  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule  
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule  
Gudst. for store og små. Dåp. Sundagsskule  
Minnegudsteneste

## Laurdag etter 2. s. i op. tida

Mark 1,3-11  
Dåpsgudsteneste. Dåp

## 3. s. i openberringstida

Joh 4,4-26  
Gudsteneste. Nattverd  
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule. DNI-helg

## 4. s. i openberringstida

Joh 9,1-7.35b-38  
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule  
Familiegudsteneste. Dåp. Tårnagentar  
Familiefokus. Tårnagentar  
Kveldsgudsteneste. Nattverd

## Såmannssundagen

Mark 4,26-34  
Gudsteneste. Nattverd  
Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule

## Kristi forklåringsdag

Mark 9,2-13  
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd  
Gudst for store og små. Nattverd. Sundagsskule

## Fastelavnssundag

Joh 12,20-33  
Gudsteneste. Dåp  
Kveldsgudsteneste. Nattverd

## 1. søndag i fastetida

Matt 16,21-23  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd  
Gudsteneste. Nattverd. Soknemøte  
Familiefokus. Nattverd

## 2. søndag i fastetida

Luk 7,36-50  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule  
Gudsteneste. Nattverd

## 3. søndag i fastetida

Mark 9,17-29  
Gudsteneste. Nattverd  
Gudsteneste. Dåp. Nattverd  
Kveldsgudsteneste. Nattverd



Velkomen til

gudsteneste

Skyss til  
gudstenesta

## BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



# Velkommen til kyrkje i jule- og nyttårshelga



Kyrkja i Time ønskjer varmt velkomen til julaftan i di lokale kyrkje! Til song, fred, håp og undring over jula si glede «Himmel på jord, en nåde så stor...»

Me trur det kan vera ekstra godt å få med seg kyrkjebesøket i dette vanskelege og uvanlege året, anten du kjem fysisk til kyrkja eller deltek digitalt gjennom skjerm heime.

## Julaftan 24. desember

Luk 2,1-20

Bryneheimen 10:00 Gudsteneste

Bryne kyrkje

14:00 Familiegudsteneste.

Gudstenesta vert **streama** og lagt ut på [www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no) og på [facebook.com/brynekyrkja](https://facebook.com/brynekyrkja)

15:30 Familiegudsteneste

17:00 Julaftan

**Påmelding** på alle 3 gudstenestene: [brynekyrkja.no](http://brynekyrkja.no) eller på telefon 51 77 03 77

Time kyrkje

14:30 Julaftan

15:45 Julaftan

17:00 **NB! Ikkje gudsteneste i Time kyrkje**

**Påmelding** på begge gudstenestene: [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no) eller på telefon 51 77 03 77

Undheim kyrkje

14:00 Familiegudsteneste

15:30 Familiegudsteneste

**Påmelding** på begge gudstenestene: [undheimkyrkja.no](http://undheimkyrkja.no) eller på telefon 51 77 03 77

## Juledag 25. desember

Joh 1,1-14

Time kyrkje 11:00 Høgtidsgudsteneste. Dåp.

Bryne kyrkje 12:00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd.

## Stefanusdag 26. desember

Matt 10,16-22

Undheim kyrkje 10:30 Høgtidsgudsteneste. Nattverd.

## Nyårsaftan 31. desember

Joh 14,27

Bryne kyrkje 23:15 Midnattsmesse

## Nyårsdag 1. januar

Matt 1,20b-21

Time kyrkje 11:00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd